



INFORMASJON OM TOKKE OMSORGSSENTER



Tokke omsorgssenter ynskjer deg velkommen og håpar du vil trivast hjå oss.

Her er nokon praktiske opplysningar til deg som bur her og til dine pårørande.

Tokke omsorgssenter er ein samling av kommunale bustader som har fellesareal. Dette vil sei at du leiger bustad av kommunen, som du disponerar som din eigen heim. Omsorgssentret er heildøgnsbemanna med personell som utfører tenester som heimesjukepleie og heimehjelpsoppgåver etter trong for den enkelte som bur der.

For å få tildelt ein bustad må ein sende skriftleg søknad til Pleie -og omsorgsavdelinga der søknaden blir vurdert individuelt. Bustadene vert tildela etter sosialtenestelova.

Bustaden din:

- Bustaden har eit lite kjøkken med komfyr og kjøleskap. Utanom det må du møblere og innreie sjølv.
- Straum er inkludert i husleiga.
- Dersom du ynskjar telefon, må du tinga og betala sjølv.
- Hugs å teikne eigen innbuforsikring, og melde adresse endring til post og folkeregistret.
- Det er mogleg å leige kabel-TV. Du betaler årsavgift.
- Du held alt utstyr til reinhald av bustaden. Du må også kjøpe toalettpapir og naudsynt utstyr til personleg hygiene sjølv.
- Du kan sjølv lage eigen mat, eller du må bestemme deg for heil eller halv pensjon, for dette betalar du abonnement kvar månad.
- Ved utflytting må bustaden reingjerast, også veggjar og tak.

Hjelp i bustaden din:

- Trongen for hjelp vert vurdert individuelt for den enkelte brukaren.
- Dersom du har trong for å tilkalle hjelp av personalet, for eksempel på natt kan du søkje om ein tryggleiksalarm. Dette forutsett at du har telefon.
- Lokal forretning kan levera varer kvar torsdag etter avtale.

Døme på hjelp og tenester som kan tildelast?

- Vanleg reingjering av bustaden etter eigene satsar.
- Personleg stell/dusj
- Sårstell.
- Oppfølging av medisinsk behandling.
- Du kan få utdelt dosett ein gong i veke. Då oppbevarast medisinar dine hos oss. Du betalar for medisinen din sjølv.
- Du har moglegheit til å få tilpassa hjelpemiddel til bruk i bustaden, for å gjera kvardagen enklare.
- Klesvask etter eigne satsar.
- Har du avtale hos tannlege, lege, frisør eller liknande, må dine pårørande fylje deg. Personalet kan fylje, dersom dette vert vanskeleg.
- Dei tilsette må ha nykkel til bustaden din før å gje deg hjelp.

Vi ynskjer at brukaren i størst mogleg grad skal rå over eigen kvardag, samt oppretthalde dei funksjonane ein allereie har. Vi synes og det er viktig at du har ein trygg og god kvardag.

Søknadsskjema, informasjon, spørsmål og klager:

Søknadsskjema for tjenestar får ein ved å henvende deg til pleie-og omsorgsavdelinga på telefon 35 07 55 00

De har rett til å klage på vedtak om tildeling av pleie- og omsorgstenester. Klagen sendast skrifteleg til pleie- og omsorgsavdelinga.

Overordna klageinstans er Fylkeslegen og Fylkesmannen i Telemark.

Skrifteleg søknad om pleie- og omsorgstenester sendast på eige skjema. Sakshandsaminga tar normalt 3 veker.

Adresse og telefonnummer:

Tokke Omsorgssenter
3880 Dalen

Telefon direkte: 35 07 55 24